

PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ

Lalm- og Søre Grindstugu barnehage



Barnehageloven.

Frå 01.01.2021 vart kapittelet *Psykososialt barnehagemiljø* føydd til ved lov 19.06.2020 nr.91 Det gjeld paragrafane:

§ 41 Nulltoleranse og førebyggjande arbeid

§42 Plikt til å sikre at barnehagebarn har eit trygt og godt psykososialt - barnehagemiljø (aktivitetsplikt).

§43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom ein som arbeidar i barnehagen, krenker eit barn.

Psykososialt barnehagemiljø.

Alle barn har rett på eit trygt og godt barnehagemiljø utan krenkingar frå barn og vaksne.

Det er ein del av barnehagen sine oppgåver å lære barna å tenke kritisk og kunne akseptere og respektere ulike meiningar og overtendingar. Barnehagebarn kan bli irrettesett av dei vaksne eller oppleve at ein er ueinig med dei vaksne eller andre barn, utan at dette vil vere ei krenking.

Omgrepet krenking i denne loven er objektiv i den forstand at kva som er ei krenking vil vere ein heilskapleg vurdering, ikkje berre barnet si oppleving.

Det er likevel ikkje slik at terskelen for kva som er krenkande er lik for alle barn. For eksempel kan alder, livsyn, kjønnsuttrykk, funksjonsnivå, åtferdsvanskar med meir vere med å avgjere for kva handlingar og ytringar som ein ser på som krenkande.

Sjølv om vurderinga om kva for handlingar og ytringar som ikkje skal godtakast skal sjåast i ein heilskapleg vurdering, har dei tilsette alltid ein aktivitetsplikt i følge § 42 visst eit barn opplever å ikkje ha det trygt og godt i barnehagen.

ALLE tilsette har ei plikt til å gripe inn.

Suksesskriteriar:

- Barna opplev trivsel og tryggleik i barnehagen.
- Barna opplev vennskap og tilhøyrslø i barnehagen.
- Barna får delta i leik og opplev å bli inkludert i fellesskapet.
- Barna opplev å bli sett og anerkjent av dei vaksne i barnehagen.
- Foreldre/foresatte får informasjon om barnet si utvikling av sosial kompetanse.
- Foreldre/foresatte skal involverast i arbeidet med barn sitt psykososiale miljø.
- Foreldre/foresatte samarbeider med barnehagen om utvikling av barnets sosiale kompetanse.
- Barnehagen jobbar systematisk for å fremje sosial kompetanse og forebygge mobbing og krenkande åtfærd.
- Personalet i barnehagen legg til rette for at barna skal få oppleve glede, vennskap og får nyttige erfaringar i samspel med andre barn.
- Personalet i barnehagen er aktivt deltakande og grip inn når det er naudsynt

§ 41 Nulltoleranse og førebyggjande arbeid.

"Barnehagen skal ikkje godta krenkelsar som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeidar i barnehagen, skal gripe inn når eit barn i barnehagen blir utsett for slike krenkingar.

Barnehagen skal førebygge tilfelle kor barn ikkje har eitt trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremme helsa, trivselen, leiken og læringa til barna". Bhg .loven.

Det viktigaste arbeidet når det gjeld det psykososiale miljøet er alt vi gjer dagleg kvar einaste dag. Det handlar om relasjonar mellom barn, foreldre og tilsette og ha leikevennar i barnehagen.

At barna har eit miljø som er trygt og godt for alle er dei vaksne sitt ansvar.

I barnehagane våre skal alle bli møtt med:

- God omsorg
- Gode haldningar frå dei vaksne
- Alle skal oppleve å vere ein del av fellesskapet

Barnehagen skal skape eit trygt og inkluderande læringsmiljø som førebygger mobbing og krenkande åtferd for alle ungane i barnehagen. Å bygge gode relasjonar vaksen - barn, barn - barn og vaksen – vaksen er særst viktig.

"Å syrgje for gode relasjonar i barnehagen handlar om at dei vaksne sine arbeidsmåtar skal ivareta barna sine behov for omsorg og leik, fremja læring og danning og gje barna moglegheit for medverknad" (Berit Bae).

Vaksne har plikt til å bryte inn ved negativ oppførsel, bryte opp ein krangel eller stoppe ein fysisk krenkelse, det handlar også om å inkludere eit barn i utfrysningssituasjonar, stoppe, korrigere eller rettleie barn som krenker andre barn verbalt.

ALLE som arbeidar i barnehagen skal gripe inn når eit barn i barnehagen blir utsett for krenkingar.

Årshjul for arbeidet med barnehagemiljøet			
Månad	Barn	Foreldre	Tilsette
August	Innkøyring av nye barn med fokus på omsorg og tryggleik, fokus på gode relasjonar	Trygge foreldre og ha god dialog om forventningar ved oppstart, bygge gode relasjonar	Gjennomgang av planar og rutiner for barnehagemiljøet og aktivitetsplikta ved oppstart. Den vaksne som skal vere med 5 -åringane over på skulen neste haust er klar.
September		Foreldremøte med gjennomgang av planar for barnehagemiljøet og aktivitetsplikta	Styrrar har dialog med rektor med tanke på ressursar frå neste skuleår. Sikre barn god overgang.
Oktober	Treff med 5-åringane på Tytingen	Foreldresamtaler	Sjekkliste relasjon-inkl.I.plan

November			Sjekkliste 1 og 2 oppvekstmiljø – inkl.l.plan
Desember	Julekos og juletefest	Invitere foreldre, fint å bli kjent med andre foreldre	
Januar	Barnesamtaler med 4- og 5 åringane med fokus på trivsel, vennskap og relasjon		Utviklingssamtaler med dei tilsette Gjennomføring av barnesamtaler Samarbeidsmøte med skulen og faddaropplegg med meir.
Februar	Rektor besøker 5 - åringane Oppstart for samarbeid om overgang barnehage-skule	Oppstart av foreldrenettverk overgang barnehagen- skule	Medarbeiderundersøking anna kvart år Sjekkliste relasjon-inkl.l.plan
Mars	Fadrane besøker 5-åringane Treff med 5-åringane på Tytingen	Foreldresamtaler Brukarundersøking anna kvart år	Sjekkliste 1 og 2 oppvekstmiljø-inkl.l.plan
April	5-åringane besøker fadrane på skulen		
Mai	5-åringane besøker 1.steg 5- åringane møter dei vaksne som skal ha dei frå hausten	Foreldrenettverk overgang barnehagen-skule	Overføringsmøte barnehage-skule
Juni	Besøksdagar for nye barn og foreldre Avslutningstur 5-åringane og fadrane Innskriving på skulen Sommarfest	Besøksdag med nye barn og foreldre, avklare forventningar ved oppstart i barnehagen Sommarfest	Tilsette på Elgen sikrar at alle barn er trygge på det fysiske skulemiljøet ute og inne, klasserom, dører ut og inn, toalett med meir. Sommarfest

§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt).

Barnehageloven har ved denne paragrafen innført ein aktivitetsplikt tilsvarande den som er gjeve i § 9 – A i opplæringsloven på skula.

Formålet med ein slik aktivitetsplikt er å bidra til at alle barnehagebarn opplever at barnehagen er eit sted der det er trygt og godt å vere, og eit miljø der ein opplever tilhøyrse, mestring og trivsel. Dette er barnehagen sitt ansvar.

Barnehagen har nå ein klar forplikting til å reagere i alle tilfelle det eit eller fleire barn i ei barnegruppe ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Aktivitetsplikten er knytt til spørsmålet om barna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.

Aktivitetsplikta kan bli utløyst av at barn melder frå om at dei er utrygge, av foreldre og av tilsette.

Ei aktivitetsplikt med fire delpliktar:

- 1. plikt til å følgje med**
- 2. plikt til å melde frå**
- 3. plikt til å undersøke**
- 4. plikt til å sette inn tiltak**

Barnehagen skal lage ein skrifteleg plan når det skal gjerast tiltak i ein sak. I planen skal det stå:

- a. kva for problem tiltaka skal løyse
- b. kva for tiltak barnehagen har planlagt
- c. når tiltaka skal gjennomførast
- d. kven som skal gjennomføre tiltaka
- e. når tiltaka skal evaluerast

§43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom ein som arbeidar i barnehagen, krenker eit barn.

Det er heilt grunnleggande i strid med dei tilsette si rolle å krenke eit barn. Dette er eit grovt tillitsbrot og ein heilt uakseptabel åtfærd for ein som er tilsett i barnehagen.

Dei som arbeidar i barnehagen, har ei makt- og tillitsposisjon overfor barna. Dette maktforholdet må ikkje misbrukast.

Det er innført ein skjerpa aktivitetsplikt ved mistanke om, eller kjennskap til, at ein som arbeidar i barnehagen krenker barn.

Skjerpingen går ut på at tilsette som har mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeidar krenker eit barn, skal melde frå til styrar straks, og at saken skal undersøkast straks. Barnehageeigar skal ha beskjed.

Dei tilsette skal melde frå til barnehageeigar direkte om det er mistanke om eller kjennskap til at styrar krenker barn.

Terskelen for å melde frå om krekande åtfærd skal vere låg.

Styrar skal følgje opp alle klagar og alle saker, og behandle alle saker om trakassering frå dei vaksne som ei personalsak, og sørge for at det opphøyra straks.

Denne planen må sjåast i samanheng med plan for inkluderande læringsmiljø i barnehage og skule - Vågå kommune.

Tiltaksplan når mobbing eller krenkende åtfærd skjer

Tiltak	Ansvar	Gjennomfrt Sign og dato
1 - Den som observerer mobbing / krenkende åtfærd informerer ped.leiar straks. Ta det opp på avdelingsmte eller før. Den som observerer situasjonen har ansvaret for å dokumentere. Kvar var de vaksne? Tiltak vidare	Den som observerer krenkende åtfærd Alle	
2 – Prat med de involverte barna	Den som observerte eller den som kjenner barna best	
3 – Informere føresette til den / de som blir mobba og til de som mobber	Ped.leiar	
4 – Evaluering av korleis det går etter 1 -2 veker.	Ped.leiar eller den som kjenner barnet best	
5 – Vidare tiltak	Ped.leiar saman med resten av personalet	
6 – Ny informasjon / nye samtaler til føresette	Ped.leiar	
7 – Evaluering 1 x pr.mnd eller oftare inntil saken er løst. Halde føresette oppdatert	Ped.leiar	

Det skal skrivast referat frå alle mter!

Når aktivitetsplikta er utløyst.

Kva for problem skal tiltaka løyse:
Kva for tiltak har barnehagen planlagt:
Tidsplan:
Kven har ansvaret for gjennomføringa:
Dato for evaluering av tiltaka:

Dato:

Underskrift tilsette:

Foreldre:

Styrar:

Når ein vaksen i barnehagen krenker eit barn.

Meld straks frå til styrar eller barnehageeigar. Skriv så ned så konkret som råd kva du har observert.

Dato for observasjon:
Beskriv handlinga så konkret som råd:
Levert til styrar/barnehageeigar dato:
Synspunkt til den som har krenka:
Tiltak:
Evaluering:

Underskrift av alle partar:

Advarsel skal i personalmappa.